



Notat

Dato: 26.08.2017
Arkivsak: 2015/11453-96
Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Utviklingsmidlar frå KD til simulator og e-prosjekt

Hordaland fylkeskommune har i samarbeid med Fagskolen i Hordaland søkt om utviklingsmidlar frå Kunnskapsdepartementet (KD) til to prosjekt. Begge prosjekta vart gjeve finansiering, og innkjøpsprosess er starta opp. Hordaland fylkeskommune fekk til saman om lag 7,8 millionar til dei to prosjekta. Kunnskapsdepartementet har delt ut totalt 46 mill. til kvalitetshevande prosjekt ved fagskular i heile landet, og Hordaland har fått heile 17 % av den totale ramma.

Dei to prosjekta omhandlar investering av ein elkraftsimulator og auka kvalitet i undervisninga med digital satsing. Den totale kostnaden for elkraftsimulatoren er på om lag 7,7 mill., og Kunnskapsdepartementet gjev tilskot til 50 % av investeringa. Resten av kostnadene vert dekt av skulen sjølv, saman med investeringsmidlar frå Hordaland fylkeskommune. Prosjektet for auka kvalitet i undervisninga med digital satsing er rekna til om lag 6 mill., og Kunnskapsdepartementet gjev støtte til dette prosjektet med om lag 4 mill.

Elkraftsimulatoren vil gje skulen enda fleire moglegheiter for tidsriktig og relevant undervisning som studentane får stor nytte av i arbeidslivet. Satsinga på digitalt utstyr og kompetanseheving innan nettpedagogikk vil styrka nettundervisninga, men også gje skulen moglegheit til å nå ut med undervisning til studentar i heile fylket og landet. Gjennom prosjektet vil det verte kjøpt inn 8 digitale klasserom, og 2 digitale auditorium. Dei digitale klasseromma skal plasserast både på hovudadministrasjonen på Nordnes og ved fleire av dei andre studiestadene til Fagskolen i Hordaland. Dette vil knytte hovudadministrasjonen og studiestadene tettare saman, og ein kan dra nytte av undervisning som vert gjeve ved éin studiestad ved fleire undervisningsstader.

Tildelingsbrev og søknadene er lagt ved denne meldinga.